

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Formannskapet
Møtestad: *KST sal Hareid rådhus*
Dato: *28.11.2016*
Møte tok til *09:00*
Møte slutta *14:20*

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post 22.11.16. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 23.11.16.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Kristian Fuglseth	Nestleiar	FOHAR
Ranja Dimmen Alme	Medlem	FOHAR
Truls Håbakk	Medlem	FRP
Jeanette Teigene	Medlem	FRP
Anders Riise	Leiar	H
Annika Brandal	Medlem	V

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Ranja Dimmen Alme	Medlem i sak PS 145/16	FOHAR
Jeanette Teigene	Medlem i sak PS 145/16	FRP

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Bernt Brandal	Ranja Dimmen Alme i sak PS 145/16	FOHAR
Ingebjørn Grimstad	Jeanette Teigene i sak PS 145/16	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Grimstad	Kommunalsjef
Eivind Longva	Kommunalsjef
Oddrun Alme Mork	Administrasjonsleiar
Kai-Rune Bjørke	Konst. Kommunalsjef
Arne Gunnar Aschehoug	Senior rådgjevar
Bent Arild Grytten	Rådgjevar

Ordførar Anders Riise leia møtet

6 voterande



Formannskapet handsama sakene slik:
Formannskapet handsama PS 133/16
Formannskapet handsama PS 143/16
Formannskapet handsama PS 144/16
Formannskapet handsama PS 145/16
Formannskapet handsama PS 146/16
Formannskapet handsama PS 147/16
Formannskapet handsama PS 148/16
Formannskapet handsama PS 149/16
Formannskapet handsama PS 150/16
Formannskapet handsama PS 151/16
Formannskapet handsama PS 154/16
Formannskapet handsama PS 152/16
Pause i sak PS 152/16
Møtet vart lukka
Formannskapet handsama PS 153/16
Møtet vart opna igjen
Formannskapet starta opp handsaming igjen PS 152/16
Det vart teke lunsjpause
Formannskapet starta opp handsaming igjen PS 152/16
Formannskapet vidare handsama RS 17/16

SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	Politiske saker	
PS 143/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 144/16	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 145/16	Søknad om spelemidlar for 2017 -godkjenning og prioritering	2016/203
	Rullering av handlingsprogram kommunedelplan	
PS 146/16	Betalingsplikt for EI-bilar frå 01.01.2017.	2016/1469
PS 147/16	Engane nord / Pilskog Oвра- Ny vurdering av tomteprisar	2015/236
PS 148/16	Godkjenning av Konsekvensanalyse fjellskred frå Åkneset og Aktørplan - generell del	2016/1214
PS 149/16	Beredskapsplanverk for Hareid kommune	2016/1214
PS 150/16	Møteplan for faste utval våren 2017	2016/1291
PS 151/16	Eigedomsskatt i Hareid kommune i 2017	2016/1479
PS 154/16	Rekneskapsrapportering pr. 31.10.16	2016/621
	<i>Saka vert lagt på bordet</i>	
PS 152/16	Handlingsprogram 2017 - 2020	2016/840
	LUKKA MØTE	
	<i>Off.lova § 23, 1.ledd</i>	
PS 153/16	Årleg vurdering av leiarløn jf. Hovedtariffavtalen § 3.4.1	2016/1230

Hareid,

Anders Riise



HAREID KOMMUNE

ordfører

Helga Bøe-Grimstad
utvalsekretær

—



POLITISKE SAKER

PS 143/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Formannskapet si handsaming:

Ingen merknad til innkallinga.

Saklista vart godkjent med følgjande merknad:
Eigarmøte i Tussa kjem i tillegg til sakene som referatsak.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ingen merknad til innkallinga.

Saklista vart godkjent med følgjande merknad:
Eigarmøte i Tussa kjem i tillegg til sakene som referatsak.

PS 144/16 Godkjenning av protokoll førre møte

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Protokoll frå [førre møte 14.11.2016](#) godkjent utan merknad.

PS 145/16 Søknad om spelemidlar for 2017 -godkjenning og prioritering Rullering av handlingsprogram kommunedelplan

Formannskapet si handsaming:

Annika Brandal kom til møtet før handsaming av denne saka.

7 voterande

Jeanette Teigene stilte spørsmål om sin habilitet. Ho er leiar i handball og sit dermed i hovudstyre. Ho gjekk frå. Ingebjørn Grimstad kom til i møtet.

Ranja Dimmen Alme stilte spørsmål om sin habilitet. Ektefelle sit i hovudstyre, ho gjekk frå. Bernt Brandal kom til i møtet.

Jeanette Teigene vart samrøystes kjent inhabil etter forv.l. § 6 e.

Ranja Dimmen Alme vart samrøystes kjent inhabil etter forv.l. § 6 c.



Røysting:

Samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Hareid kommunestyre vedtek rullering av handlingsprogrammet i «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2012-2015» slik det går fram av vedlegg 1 i saka.
2. Kommunestyret vedtek slik prioritering av søknadar om spelemidlar for 2017:

A. Ordinære anlegg

1. Kunstgrasbane Jomsvoll

B. Nærmiljøanlegg

1. Leikeplass Bigset

2. Parken Hareid sentrum

3. Tuftepark

Vedtaket vert gjort med atterhald om kommunal finansiering av nærmiljø-søknadane.

PS 146/16 Betalingsplikt for EI-bilar frå 01.01.2017.

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Hareid kommune vel å ikkje innføre betalingsfritak for EL- og hydrogendrivne motorvogner, jamfør ny parkeringsforskrift som vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

PS 147/16 Engane nord / Pilskog Ovra- Ny vurdering av tomteprisar

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet vedtak med dette nye tomteprisar for bustadfeltet Engane nord og Pilskog Ovra, i samsvar med tabelloppsett i saka. I tillegg til tomtepris må kjøpar betale kostnader med oppmåling og tinglysing samt tilknytingsavgifter og årlege kommunale avgifter for vatn og kloakk, jf. regulativ.



PS 148/16 Godkjenning av Konsekvensanalyse fjellskred frå Åkneset og Aktørplan - generell del

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Innstilling/vedtak:

1. Hareid kommunestyre vedtek den interkommunale konsekvensanalysen for fjellskred slik den ligg føre.
2. Hareid kommunestyre vedtek Beredkapsplan for fjellskred, Aktørplan – generell del, datert desember 2015, slik den ligg føre.

Konsekvensanalysen og Aktørplanen skal vere grunnlag for Hareid kommune sin eigen handlingsplan knytt til beredskap for fjellskred.

PS 149/16 Beredkapsplanverk for Hareid kommune

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke

Innstilling:

Kommunestyret tek lov om kommunal beredkapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) samt forskrift til kommunal beredkapsplikt til vitande, og vedtek følgjande punkt for å kome i møte krava i lov/forskriftsheimlane:

1. Kommunestyret godkjenner Overordna Beredkapsplan, datert 16.11.2016, slik den ligg føre, jamfør Forskrift om kommunal beredkapsplikt § 4 og Sivilbeskyttelsesloven § 15.
2. Kommunestyret godkjenner Plan for Kommunal Kriseleing, datert 04.11.2016, slik den ligg føre, jamfør Forskrift om kommunal beredkapsplikt § 4 og Sivilbeskyttelsesloven § 15.
3. Kommunestyret godkjenner Plan for Beredkapssekretariatet, datert 04.11.2016, slik den ligg føre, jamfør Forskrift om kommunal beredkapsplikt § 4 og Sivilbeskyttelsesloven § 15.
4. Kommunestyret tek vedlegga til planverket, Loggskjema, datert, 20.09.2016, Varslingsliste, datert 16.11.2016, Ressursliste, datert 04.11.2016 og Heilskapleg Risiko- og Sårbarheitsanalyse, datert 04.11.2016 til vitande.
5. Kommunestyret godkjenner Framdriftsplan, datert 04.11.2016, slik den ligg føre. Framdriftsplanen vil syte for at alle krav i lov og forskrift vert stetta så fort som råd. Kommunestyret gir også administrasjonen løyve til å utarbeide og godkjenne



resterande planverk administrativt av sikkerheitsmessige årsakar. Beredskapskoordinator har ansvar for at planane vert utarbeida. Beredskapsrådet og kriseleiinga har ansvar for oppfølging og kvalitetsvurdering av planane via drøftingsmøte og øvingar.

6. Kommunestyret gjev kriseleiinga fullmakt til å nytte inntil kr. 2.000.000 for å avverje eller avgrense skade i uønskte hendingar.
7. Kommunestyret gjev Rådmannen eit generelt mynde til å setje i verk tiltak slik at beredskapsplanverket til ei kvar tid stettar krava i forskrifta om kommunal beredskap.

PS 150/16 Møteplan for faste utval våren 2017

Formannskapet si handsaming:

Rådmannen ynskjer eit møte over ein heil dag for formannskapet og administrasjon.

Stian Runne Brandal, Ap, kom med forslag om heildagsmøte 20. mars.

Annika Brandal, V, foreslår at siste møte i kommunestyret før sommarferien startar kl. 15.

Annika Brandal, V, foreslår at møte kommunestyret 9. februar vert flytta til 2. februar.

Røysting:

Stian Runne Brandal, Ap, sitt forslag om heildagsmøte 20. mars samrøystes vedteke.

Annika Brandal, V, sist forslag at siste møte i kommunestyret før sommarferien startar kl. 15 samrøystes vedteke.

Annika Brandal, V, sitt forslag om at møte kommunestyret 9. februar vert flytta til 2. februar samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner møteplan for kommunestyre, formannskap, levekårsutval og næring- og miljøutval for våren 2017 slik den går fram av vedlegg 1 med følgjande endring:

- heildagsmøte 20. mars
- siste møte i kommunestyret før sommarferien startar kl. 15
- møte i kommunestyret 9. februar vert flytta til 2. februar

PS 154/16 Rekneskapsrapport pr. oktober 2016

Formannskapet si handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Formannskapet tek rekneskapsrapporten pr. 31. oktober 2016 til vitande.



PS 151/16 Eigedomsskatt i Hareid kommune i 2017

Formannskapet si handsaming:

Annika Brandal, V, kom med forslag om at eigedomsskatten vert uendra, 2 promille.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over rådmannen si tilråding – samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over forslaget til Annika Brandal – vedteke med 5 mot 2 røyster.

Innstilling:

Med heimel i Lov om eigedomsskatt til kommunane §§ 2 og 3 bokstav g), skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2017:

faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom.

Eigedomsskattesatsen er 2,0 promille.

Det skal ikkje nyttast botnfrådrag.

Med heimel i eigedomsskatteloven § 7 bokstav a), kan *eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten*, verte friteke for eigedomsskatt etter søknad til kommunestyret. Søknadsfristen er 15. januar 2017.

Med heimel i eigedomsskatteloven § 7 bokstav b), kan *bygning som har historisk verdi*, verte friteke for eigedomsskatt etter søknad til kommunestyret. Søknadsfristen er 15. januar 2017.

Bustadeigedommar der formuegrunnlaget er berekna av skatteetaten, skal få skatt utskriven på dette grunnlaget i 2017. Denne alternative metoden for verdsetting vil gjelde for bustadeigedommar også påfølgjande år eller til anna eventuelt blir bestemt.

Eigedomsskatten skal betalast i tre terminar.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt skal kommunen nytte tidlegare vedtekne skattevedtekter.

PS 152/16 Handlingsprogram 2017 - 2020

Formannskapet si handsaming:

Rådmannen Ragnhild Velsvik Berge og senior rådgjevar Arne Gunnar Aschehoug orienterte i saka.

Annika Brandal etterspurte innspel frå samarbeidsutvala til Syverplassen og Bigset barnehage. Dette er ikkje trykt opp då administrasjonen såg på dette som eit innspel til handlingsprogrammet som vert lagt ut til offentleg ettersyn etter møtet i formannskapet i dag. Politikarane ville ha kopi av dette. Framlagt.

Truls Håbakk, FRP, kom med følgjande forslag:

Kap. 7.3 pkt. 1 Godtgjersle til ordførar for 2017 vert fastsett til 8,1 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år) og pkt. 2 Godtgjersle til varaordførar for 2017 vert fastsett til 0,9 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år).

Kristian Fuglseth, FOHAR, kom med følgjande forslag:

Grunnkjøp ny tilkomstveg Brandal

150 000

Prosjektering kai Brandal i samarbeid med Kystverket

75 000



Riving av kai Hareid **75 000**

009:

Inngangparti Hareid kyrkje,
Prosjekteringskostnad, **100 000** i 2017, 937 000 i 2018 og 937 i 2019

I 136 Fotballhall **500 000**

051: B11: kombinert med 050: B10:

Bigset skule - nye ytterdører med adgangskontroll, inngangspart og garderobe SFO **800 000**
B06: Hareid skule - flytte SFO til eiga avdeling **800 000**

Inndekning ved omprioritering av lysarmatur Hareid rådhus som i dag ligg inne **2 500 000**

Annika Brandal, V, kom med følgjande forslag:

Kr 50.000,- til kulturmidlar

Kr 50.000,- til ungdomsrådet og ungdomskafe

Anders Riise, H, kom med følgjande forslag:

Disponering av tiltakspakken på kr 3.550.000,- vert å utsette til kommunestyremøte i februar 2017. Ein ber administrasjonen vurdere fleire område som tiltakspakken er meint å dekke og samstundes sjå dette opp imot eit tett samarbeid med NAV for gjennomføring.

Investering budsjettskjema 2B

	2017	2018	2019	2020
Fotballhall	500.000,-	2.200.000,-		

Det vert halde gruppemøte før vidare handsaming av saka tok til.

Anders Riise, H, trekte forslaget sitt.

Annika Brandal, V, trekte forslaget sitt

Kristian Fuglseth, FOHAR, trekte forslaget sitt

Truls Håbakk, FRP, kom med følgjande forslag:

Eigendomsskattesatsen vert ikkje auka med 0,5 o/oo i 2017 og i økonomiplanperioden 2018-2020.

Reduksjon i eigedomsskatten på 1,621mill. kr vert dekt med:

- Bruk av 1,379 mill. kr frå avsetning til disposisjonsfond
- Kr 241.524 innspart med dekking i fylgjande sektorar;
 - Kr 42.904,80 sektor for velferd
 - Kr 42.904,80 sektor for oppvekst
 - Kr 42.904,80 sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling
 - Kr 42.904,80 sektor for kommunalteknisk drift
 - Kr 42.904,80 sektor for sentraladm.

Anders Riise, H kom med følgjande forslag:

241 524,- inndekt ved auke av inntekt på netto premieavvik (jmf prognose premieavvik frå KLP).

Røysting:

Det vart røysta av rådmannen si tilråding med følgjande endringar – samrøystes vedteke



Deretter punktvis:

Truls Håbakk sitt forslag Kap. 7.3 pkt. 1 Godtgjersle til ordfører for 2017 vert fastsett til 8,1 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år). Samrøystes vedteke.

Truls Håbakk sitt forslag Kap. 7.3 pkt. 2 Godtgjersle til varaordfører for 2017 vert fastsett til 0,9 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år). Samrøystes vedteke.

Truls Håbakk sitt forslag om å ikkje auke eigedomsskatten.
Samrøystes vedteke.

Truls Håbakk sitt forslag om dekning for ikkje å auke i eigedomskattesatsen.
Bruk av 1,379 mill kr frå avsetning til disposisjonsfond. Samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over forslag frå Truls Håbakk om at kr. 241 524 vert spart inn fordelt på sektorane opp mot Anders Riise sitt forslag om inndeckning ved auke av inntekt på netto premieavvik. Ordføraren sitt forslag vedteke med 5 mot 2 røyster.

Innstilling:

Rådmannen si tilråding vedteke med følgjande endringar:

Kap. 7.3 pkt. 1 Godtgjersle til ordfører for 2017 vert fastsett til 8,1 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år).

Kap. 7.3 pkt. 2 Godtgjersle til varaordfører for 2017 vert fastsett til 0,9 G gongar av til ei kvar tid grunnbeløpet i folketrygda. (regulert pr. 1.5 kvart år).

Eigendomskattesatsen vert ikkje auka med 0,5 o/oo i 2017 og i økonomiplanperioden 2018-2020.

Inndeckning av inntektstap gjennom ikkje å auke eigedomskattesatsen:

- **Bruk av avsetning til disposisjonsfond: kr 1 379 000.**
- **Auke av inntekt på netto premieavvik: kr 241 524**



REFERAT SAKER

RS 17/16 Invitasjon til eigarmøte torsdag 1. desember 2016 kl. 09.00

—



POLITISKE SAKER

PS 153/16 Årleg vurdering av leiarløn jf. Hovedtariffavtalen § 3.4.1

Formannskapet si handsaming:

Truls Håbakk, FRP, ber om at ved neste framlegg av slik sak har saksframlegget protokollen frå forhandlingsutvalet som vedlegg.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet vedtek forhandlingsutvalet si semje med fagforeiningane i dei årlege lønsforhandlingane etter Hovedtariffavtalen § 3.4.1 slik:

Berit Aasen får ei årsløn på kr. 750 000.

Eivind Longva får ei årsløn på kr. 740 000.

Nils Yngve Nupen får ei årsløn på kr. 700 000.

Oddbjørn Grimstad får ei årsløn på kr. 700 000.

Verknadstidspunkt: 1 mai 2016.